

ADU Ingeniør Atle. D. Utkilen
Postboks 75
5953 FONNES

Dato: 01.12.2014
Vår ref.: 2014/22673-5
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.:

Fråsegn til oppstart av reguleringsplan for Bjørnestø Småbåthamn, Vabø - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 28. oktober 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Bjørnestø småbåthamn. Hovudføremålet med reguleringa er naust. Føremålet er i strid med kommuneplan der området er sett av til LNF og småbåthamn. Kommunen har i følgje oppstartsvarslinga vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Relevante planfaglege innspel

Området er i kommuneplanen sett av til småbåthamn og LNF-område. I følgje konsekvensutgreiing og arealvurderingar i kommuneplanens arealdel er det eit mål at det skal leggjast til rette for bruk av sjøen ved at det vert sett av område for småbåthamner og offentlege slippar. Konsekvensutgreiinga konkluderer med at: «*Område for ei større flytebrygge vert teke inn i planforslaget ut frå at tiltaket er i samsvar med målsetjingane og berre har liten negativ konsekvens. Utan vegframføring og parkeringsareal på land vert inngrepa i terrenget små.*» I varsel om oppstart står det at «*planområdet er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.*» Naustområde med tilkomst, parkering er ikkje i samsvar med overordna plan. Fylkeskommunen rår til at endring av føremål vert konsekvensutgreia.

Strandsone, friluftsliv og folkehelse

Føremålet småbåthamn er, i følgje kart- og planforskrifta, tenkt nytta til ålmenne anlegg for småbåtar der bruken ikkje er avgrensa til nærare fastsette eigedomar. Fylkeskommunen er positiv til utbygging av småbåthamn i tråd med overordna plan.

Strandsona er ein del av det viktige regionale friluftsområdet Vadbø.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Kultur- og idrettsavdelinga vil minne om pkt 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne, der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalt, verneverdien vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet.

Då planen omfattar areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne i området og har ikkje innvendingar til planen.

Vi vil i det vidare arbeidet også leggje vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Landskap
- Samferdsel
- Universell utforming

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på strandsone, friluftsliv og folkehelse, kulturminne, areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, landskap, samferdsel og universell utforming.

Fylkeskommunen er positiv til utbygging av småbåthamn i tråd med kommuneplanen.

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamarar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

| | | | |
|--------------------------------|---------------|------|-----------|
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | BERGEN |
| Os kommune | Postboks 84 | 5202 | OS |
| Statens vegvesen - Region Vest | Askedalen 4 | 6863 | LEIKANGER |